

01.09.2019

Prosjektskildring: Pilotprosjekt: Litteratur (ut) til folket

Sogn og Fjordane Ungdomslag er del av Noregs Ungdomslag, stifta i 1896. Som del av ein leiande kulturorganisasjon i Noreg har vi ansvar for å ta vare på og fornye den tradisjonelle folkekulturen. SOFUL er òg viktig for ivaretaking av nynorsk gjennom publisering- og mediearbeid og anna kulturelt arbeid for å ivareta nynorsk som skriftspråk.

Gjennom Huset i Bygda arbeider Sogn og Fjordane òg for å legge til rette for å skape meir aktivitet og å bidra til å vidareutvikle alle former for organisasjonseigde kulturbygg og synleggjere desse kulturbygga som viktige kulturarenaer.

Samfunnslivet i Norge er prega av strukturrasjonalisering. Skular, barnehagar og bibliotek er døme på offentlege tenester som blitt flytta inn i kommunesentera. Frå nyttår skjer det òg store endringar i Sogn og Fjordane, med fylkes- og kommunesamanslåingar. Den geografiske avstand mellom politisk sentrum og omland vil auke og det er lite truleg at nedlegging- og omstrukturering av t.d. skulevesenet vil avta framover.

Mykje av det organiserte kulturlivet har vore organisert gjennom fleire offentlege institusjonar; Den kulturelle skulesekken, teateroppsetjingar og fylkesmusikkordninga er tett integrert i skule- og barnehagane. Med nedlegging av slike institusjonar har òg lokalsamfunna mista viktige kulturelle tilbod. Sogn og Fjordane Ungdomslag har registrert at ein i debatten kring t.d. skule og bibliotekenesta er lite medviten på kor viktig samspelet er mellom desse institusjonane og frivillige lag -og organisasjonar.

Sogn og Fjordane Ungdomslag meiner at det er viktig å oppretthalde og gje alle eit kulturelt tilbod. Når mange bygdesamfunn har mista sine lokale offentlege kulturtilbod, vert det òg større avstand til kulturhendingar.

I Norge er det omfattande organisasjonsarbeidet eit av kjenneteikna bak demokratiserings-prosessane i den gryande nasjonsbygginga på 1800-talet. Mykje av dette organisasjonsarbeidet tok stad i ungdomshus og lokale forsamlingshus. Den sentrale tanken i etableringa av desse husa var demokratiopplæring gjennom lesesirkclar og oppbygging av bibliotek kor medlemmane kunne låne bøker gratis. Dette var medverkande årsak til fleire lærte å lese og skrive på slutten av 1800-talet.

Eit anna viktig element var òg at ein skulle lære å debattere og diskutere, fordi alle hadde ansvar for å delta i den offentlege debatten. Desse husa er framleis viktige som arena for frivillig kulturarbeid og utøving av dans, teater, bunadsarbeid, og anna kulturarbeid. Det er viktig å ivareta desse husa og utvikle dei vidare. Mange av husa er òg midtpunkt i grender og bygdelag og fungerer som motvekt til sentralisering. Dei bidreg òg til auka bulyst, auka samhald, felleskjensle og ikkje minst identitet i små og større bygder i fylket.



Vi ønskjer å bygge vidare på den rike lagstradisjonen som ungdomslagsrørsla har. Mellom anna vil vi fokusere på ungdomshusa som litteraturhus.

Sogn og Fjordane Ungdomslag vil bringe litteratur og litteraturdebatten tilbake til der folk bur. Sogn og Fjordane Ungdomslag har difor innleia samarbeid med programmet Rom for ord, med målsetjing om å utarbeide eit tilbod til ungdomslag og andre lokale organisasjonar som eig og driftar lokale kulturhus.

I første omgang søker vi om tilskot til eit pilotprosjekt kor forfattaren og artisten Ola Bremnes vitjar fem ulike ungdomshus. Ungdomslagsrørsla stiller med dugnadsinnsats og Rom for ord bidreg med organisering, marknadsføringsmateriell og promotering av litteraturkveldane. Vi ønskjer at flest mogleg, uavhengig av økonomi, skal ha moglegheit til å vitje slike litteraturkveldar. Eventuelt tilskot frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vil gå til å dekke utgifter relatert til honorar og teknisk utstyr slik at billettprisar og kostnadar ungdomshusa har til arrangementet vert lågast mogleg.

Om pilotprosjektet vert vellukka vil vi hauste av erfaringane med sikte på å utvikle prosjektet vidare som eit permanent litterært kulturtilbod i samarbeid med Rom for ord. I så fall er målsetjinga å utarbeide faste vår- og haustprogram tilpassa lokale (desentraliserte) kulturhus. Viktige stikkord i eit slikt prosjekt vil vere litteratur, framsyningar, debatt og den gode mangfaldige diskusjonen.

